

Sørlien og Nerlien, gnr. 161



Av Knut Raastad, desember 2023

*Olaus Sørlien f.1863. Foto frå
Gudbrandsdalsmusea AS, digitaltmuseum.no*



Nerlien – søre Nerlien

Svend Lien betalte i 1675 fyrstebygsel av ein rydningsplass Lien 1 skinn krongods som førre brukaren overgav han, dette var truleg Nerlien. Svend Lien hadde også Sørlien 3 skinn. (Knut Lien betalte holding av 1 skinn i Lien i 1678, men dette kan vera annan plass da det vart nemnd som kanonigods). Svend hadde sonen

Johannes, neste brukar

Skoskatten 1711 viser Johannes Svensøn Lien med hustru og 2 barn. Johannes Svendsen var i 1723 brukar og eigar av Lien som da var sett til 4 skinn som truleg omfatta 1 skinn i Nerlien og 3 i Sørlien. Skifte i Sørlien 1738 viser Johannes Iversen, men det kan vera feilskrift for Johannes Svendsen. Johannes var da eigar av Sør-Lien 10 skinn inkl. ein plass på 1 skinn som truleg var Nerlien (matrikkelskylda for Sørlien var sett opp frå 3 til skinn). Johannes d.1738 var gift med Berith Erichsdotter, dei hadde 3 barn:

Svend f.ca.1700, neste brukar

Erich f.ca.1706

Povel f.ca.1713

Svend Johansen overtok Lien i 1738, og pantsette da garden sin Lien med underliggjande plass Nerlien samla skyld 10 skinn. I 1741 selde Svend plassen som han hadde arva Nedre Lien 1 skinn til Ole Christensen for 240 rd. I 1756 kjøpte Svend Johansen att NedreLien 1 skinn frå Ole Christensen for 340 rd. Svend var gift med Embjør Olsdotter d.ca.1739. Ved skifte i 1739 eigde dei Sør Lien 10 skinn. Svend og Embjør hadde 2 barn:

Ole f.ca.1730, seinare brukar

Berit f.1739

Svend vart gift på nytt og fekk 6 barn:

Ingebor f.1740

Synne f.1743

Johannes f.1746

Anne f.1748

Siver f.1751

Gunild f.1755

I 1741 selde Svend Johansen Lien plassen som han hadde arva Nedre Lien 1 skinn til Ole Christensen for 240 rd. Sørlien og Nerlien hadde i lang tid hatt same brukaren, men med ulike brukarar vart det i 1753 avgjortd grense mellom gardane frå elva og heilt til fjells.

I 1756 kjøpte Svend Johansen att NedreLien 1 skinn frå Ole Christensen for 340 rd. Svend Johansen selde og skjøta i 1756 garden Nedre Lien 1 skinn til Simon Tordsen for 640 rd.

Frå 1765 finst det eit brev frå Ole Svendsen i Sørlien til faren Svend Johansen Wærket om at Ole ville kjøpe att Nerlien. Ole Svendsen Lien bygsla Bolstad frå 1777 og i 1801 budde familien der og brukte nok både Nerlien og Sørlien som slåttland. Ole f.ca.1729 d.1804 var gift med Mari Hansdotter Høye, Ringebu 1734-1789 dotter til Hans Guttormsen Høye. Ole og Mari hadde 6 barn:

Johannes f.ca.1762 d.1837, g.m. Mari Poulsdtr. f.ca.1769 d.1852. Bygsel på Bolstad 1804-1812

Gulbrand f.1765 d.1818, i Sørlien

Hans f.ca.1768, g.m. Sigri Christensdtr., til Hanslien

Svend f.ca.1771 d.1842, neste brukar

Imbjør, g.m. Peder Østensen Ryen

Marit f.ca.1776

Svend overtok Nerlien ved skifte etter faren i 1805. I 1805 skreiv Sven Olsen ut ein obligasjon på 400 rd. til Tron Larsen Walberg med pant i nedre Lien. Obligasjon i 1809 til overformynderiet 400 rd med pant i Lien 1 skinn vart avlyst i 1815. Sven Olsen Lien f.1807 vart 1807 gift med Marie Hansdotter f.ca.1786 d.1864. I 1812 overtok dei bygselen av Bolstad og budde der. Svend og Mari hadde 7 barn:

Mari 1810-1876, g.m. Guttorm Paulsen Baarstad f.ca.1807 d.1883, på Rydningen

Marit f.1814, g-m Østen Arnesen Skogum f.1812

Hans f.1816, g.m. Ingebjørg Knutsdtr. f.ca.1816. På Bolstad.

Poul 1819-1819

Anders 1820-1914, neste brukar

Ingeborg f.1824

Poul f.1826, g.m. Marit Tjøstelsdtr. nig. Hammer f.1828. Til Hammerlykkja.

I 1843 var det skjøte på Lien nedre løpenr. 171, matrikkel nr. 136, gnr. 161 bnr. 1 gml. skyld 1 skinn frå Svend Bolstad enkje Mari Hansdotter til Anders og Paul Svendssønner for 200 spd. I 1850 var det skjøte frå Paul Svendsen til broren Anders for 100 spd, Paul fekk tinglyst føderåd i 1853. Anders Svensen vart 1845 gift med Ingri Knutsdotter Stade 1819-1884 dotter til Knut Hansen Stade n 1780-1857 og Ågot Olsdtr. Siem 1797-1883. Anders Svendsen og familien var frå 1854 gardbrukarar på Baarstad, i 1875 og 1900 var Anders husmann på Bolstadenget. Anders og Ingri hadde 7 barn:

Mari f.1846

Aagot f.1847

Svend f.1850

Imbjør f.1854

Knut f.1855

Kari f.1858, g.m. Anders Hansen Jevne f.1851

Hans f.1860

I 1855 var det skjøte frå Anders Svendsen til Thor Iversen for 440 spd. Thor Iversen Neerlien f.ca.1834 d.1911 var son til Iver Johnsen Løkken og Kari Olsdtr. Thor Iversen selde i 1857 plassen Brenden til systera Anne Iversdotter for 80 spd., tinglysing skjedde i 1910 og frådelling av Brenden gnr. 161 bnr. 15 i 1911. Moteigen/Molykkja/Furuheim vart frådelt frå søre Nerlien i 1904, systerdottera Rønnaug Johnsdotter f.1868 overtok det som vart Furuheim. Thor kjøpte i 1882 nørde Nerlien, dette selda han i 1901 til brorsonen Ole Johnsen. Thor vart 1858 gift med Anne Haldogsdotter Weggumseie f.ca.1835 dotter til Haldog Olsen Weggumseie og Anne Johnsdtr. Thor og Anne hadde 2 barn:

Kari 1858-1933

Anne 1861-1927

I 1914 skreiv Petter Jakobsen Bilben føderådsbrev til Kari Thorsdotter og Anne Thorsdotter, d.v.s. at han hadde vorte eigar av Nerlien. Petter 1886-1950 var frå nørde nedre Bilben i Heidal og overtok der i 1921. Petter vart 1910 gift med Marie E Olstad 1886-1949 frå Kvikne i Nord-Fron, dei hadde 3 barn:

Ragna 1910-1988, g.m. Amund O Haugen 1903-1993. På Bilben.

Marit f.1912, g.m. John J Storødegård

Emma Julie f.1918, g.m. Peder P Ryen

I 1923 var det panteobligasjon frå Torger K Bakken til Petter Bilben for kr 4000. D.v.s. at Torger var eigar. I 1920 var Torger K Bakken f.1882 frå Heidal gardbrukar i søre Nerlien. Torger var gift med Mari P Bakken, Heidal f.1887, dei hadde 4 barn:

Kristen f.1911

Kaare Asbjørn f.1913 (fødd på Dovre)

Inga Pauline f.1915 (fødd i Sel)

Paal f.1917 (fødd i Sel)

I 1930 var det auksjonsskjøte på Nerlien gnr. 161 bnr. 1 og Kjerringteigen bnr. 10 til Iver I Sletten for kr 6000.

I 1931 var det kjøte frå Iver I Sletten til Olaf O Turtum på dette og bnr. 10 for kr 7500 samt føderåd til Kari Torsdtr. Olaf Turtum, Lom 1895-1972 var son til Ola Turtum og Rønnaug Randen. Olaf budde i seinare år i Turtum på Lalm der broren budde.

Olaf O Turtum selde Nerlien i 1950 til Johannes Baarstad 1907-1985 son til Hans Baarstad og Mari Lien. Johannes vart 1937 gift med Marit Skaug, Nordre Land f.1918 dotter til Andreas Skaug og Gjertrud Breiseth. Johannes og Marit hadde 2 barn:

Gerd Marie f.1938, g.m. Kjell Wold

Hans 1940-1962

Johannes og Marit overdrog i 1971 til systerson hennar, Arne Nilsen f.1939. Han var son til Nils Nilsen, Bærum og Hjørdis Skaug, Nordre Land 1911-1976.

Øystein Kleiven f.1979 og Åsta Røhr Kleiven f.1981 fekk heimel til eigedomsretten i 2020.

Johshaugen gnr. 161 bnr. 26 vart i 1971 frådelt frå Nerlien bnr. 1, Johannes Bårstad 1907-1985 hadde heimelen. Marit Bårstad f.Skaug f.1918 overtok ved uskifte i 1985. Sander Dahlen f.2000 og Mari Myrhaugen f.2001 fekk heimel til eigdommen i 2020.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Arnfinn Engen, 2012: Gards- og slektshistorie for Heidal, bind 2

Amundgard – Ommundgard

Amundgaard løpenr. 171 b, gnr. 161 bnr. 2 vart i 1853 frådelt frå Nerlien løpenr. 171 med kjøte frå Anders Svendsen til Ole Syversen Weggum for 80 spd. John Engebretsen fekk husmannskontrakt frå 1853. John f.ca.1813 d.1868 var son til Engebret Johnsen Daleslaen eller Lieneie. John vart 1837 gift med Mari Hansdotter Lien 1817-1857, dotter til Hans Lien (Hanslien) og Sigrid Christensdtr. Sveine, Lom 1780-1836. John og Mari er nemnde i Nerlieneie ved barnefødsalar frå 1845. John og Mari hadde 7 barn:

Kari f.1838, g.m. Johannes Hansen Øihusom f.ca.1837

Marit f.1841, g.m. Syver Iversen Teigen

Hans f.1843, g.m. Oline Hansdtr. f.1856. Til Rudlandsløkken i Sødorp.

Rønnog f.1845, til Kvernes i Romsdal 1868

Engebret f.1848, til Romsdal 1867

Ole f.1851, til Kvernes 1883

Mari f.1855

John vart i 1861 gift på nytt med Anne Olsdotter Sletten f.ca.1828 d.1914, dei hadde 4 barn:

Knut f.1859, g.m. Ragnhild Torstensdr. Sæteren, Heidal f.1853

Iver 1861-1862

Iver 1865-1881

Syver f.ca.1866, seinare brukar

I 1875 var enkja Anne føderådscone. Ole Thorsen f.1835 var husmann, han var gift med Marit Knutsdotter f.1838. Dei hadde 5 barn:

Iver f.1861

Kari f.1866

Paul f.1868

Ole f.1871

Knut f.1874

I 1888 var det skjøte til Syver O Veggum d.1920 på denne eigedomen m.fl. I 1900 var Syver Johnsen Amundgaard husmann i Amundgaard. Han vart 1897 gift med Kari Jonsdotter Løkken f.ca.1864 dotter til John Iversen og Anne Johannesdr. Myrum. Syver og Kari hadde 4 barn:

Jon 1898-1996, neste brukar

Anton 1899-1916

Anne f.1903, g.m. Anders P Bjørkheim f.1895

Rønnaug f.1905, g.m. Rolv A Strand f.1911

I 1920 var det skjøte frå Syver O Veggum til sonen Ola S Veggum på denne eigedomen m.fl.

I 1939 var det skjøte på Amundgard frå Ola S Veggum og Ragna Veggum til John S Amundgard for kr 5000. John Amundgard 1898-1996 vart 1924 gift med Charlotte Karlsen, Valberg i Lofoten 1903-1987. John og Charlotte hadde 4 barn:

Klara f.1925

Sigmund f.1926

Kolbjørn f.1929, neste eigar

Åse f.1938

Kolbjørn overtok etter faren i 1991. Han vart 1953 gift med Hedvig Nettet f.1929 dotter til Knut O Nettet f.1892 og Agnes Nygård, Våler i Østfold f.1897. Kolbjørn og Hedvig har 4 barn:

John f.1954, g.m. Kristin Schjellungen

Toril f.1957, g.m. Olav Arne Lianes

Ann Charlotte f.1961, g.m. Erling Karstein Sørheim

Knut f.1964

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Lien nedre – Nerlien nördre

Lien nedre løpenr. 171 c, gnr. 161 bnr. 3 vart i 1855 frådelt frå Lien nedre 171 a. Skjøte datert 1833 frå Anders Svendsen til Svend Pedersen Bjørnstad for 300 spd. vart tinglyst i 1855. Svend Pedersen f.1800 var også eigar av øvre Bjørnstad, det ser dermed ut til at nördre Nerlien vart drivi saman med Bjørnstad.

I 1857 var det gavebrev og kjøte på denne garden saman med øvre Bjørnstad frå Svend Pedersen og hustru til Peder Hansen øvre Bjørnstad. Svend Pedersen og Ingrid Syversdotter skulle ha føderåd. Løvrusten gnr. 161 bnr. 4 vart frådelt frå Nerlien i 1861.

I 1865 var Ole Tjøstulsen registrert som gardbrukar og sjølveigar av Lien nedre l.nr. 171 c, men ved barnefødsel i 1867 er han inderst. Ole Tjøstelsen Bjølstadeie, Heidal f.ca.1823 var son til Tjøstel Olsen Bjølstadeie. Ole vart 1857 gift med Kari Pedersdotter Harlougeie f.ca.1824 d.1867, dei hadde 3 barn:

Ole f.1857

Peder f.1859

Kari 1867-1867

I 1867 vart 171 c skjøta frå Peder Hansen Bjørnstad til lensmann Walle for 350 spd, Ole Svendsen skulle ha føderåd. Skjøtet vart tinglyst i 1882.

Gnr. 161 bnr. 5 vart frådelt frå bnr. 3 i 1882, dette er ein skogteig. I 1902 vart denne overført frå Karoline og Hanna Walle til Karen Walle, og i 1931 var det kjøte frå Kari Wolrath til Syver Amundgard for kr 2500. I 1944 fekk John Amundgård grunnboksheimel til skogteigen.

I 1882 var det kjøte frå enkja Kari Walle til Thor Nerlien for kr 800. Ole og Paul Bolstad skulle ha føderåd. Thor Nerlien må vera han som hadde søre Nerlien, dermed vart dette drivi som eitt bruk.

Ola Nerlien 1872-1960 kjøpte i 1901 garden nördre Nerlien frå Tor Nerlien. I 1904 vart eit jordstykke Kjerringteigen gnr. 161 bnr. 10 frådelt frå nördre Nerlien, dette hadde Tor Nerlien halde att og dette var seinare med i overdragingar av søre Nerlien. Ola Nerlien var son til Jon Løkken og Anne f. Myrum. Tor som han overtok etter var bror til far til Ola. Ola vart 1900 gift med Kari E Saghaugen 1874-1956, dei hadde 6 barn:

Anne f.1900

Rønnaug 1902-1932

Jon 1905-1984, neste brukar

Marit f.1907
Ragna 1911-1937
Guri f.1913

Eigar frå 1958 var John Nerlien 1905-1984. Han vart 1946 gift med Live Skjerringstad, Lom f.1915 dotter til Per Skjerringstad og Embjørg Moen. Barna var:

Erling Skjerringstad f.1941
Kari f.1947, neste eigar

Eigarar frå 1977 er Kari Nerlien og dottera Laila Nerlien f.1965, dei bur i Oslo. Nerlien har frå 1973 vore brukt saman med øvre Lykkja gnr. 158 bnr. 7.

Lise Marie Bråthen f.1997 og Jon Bjørnar Bråthen f.2000 overtok i 2023 heimelen til halvdel av Nerlien gnr. 161 bnr. 3, Laila Nerlien er eigar av den andre halvdel.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Seeiendom.no

Furuheim

I Norske gardsbruk står det at garden har vore i ætta frå 1901. Moteigen gnr. 161 bnr. 11 vart i 1904 frådelt frå søre Nerlien gnr. 161 bnr. 1. I 1904 vart Molykkja gnr. 161 bnr. 14 frådelt frå Moteigen med bygsel frå John Iversen til Knut Olsen. John Løkken f.1827 var i 1910 føderådsmann på Furuheim. Furuheim gnr. 161 bnr. 16 vart i 1911 frådelt frå Moteigen gnr. 161 bnr. 11. Erklæring 1939 viste at Ole J Nerlien hadde heimel til attverande del av Moteigen, Ola var son til John Løkken og overtok nørdrø Nerlien i 1901. John Løkken var bror til Thor som var eigar av både nørdrø og søre Nerlien.

Knut Olsen Haugen 1872-1937 var frå Svarvarhaugen son til Ole Knutsen Haugen 1844-1922 og Ragnhild Iversdtr. Kobbersletten 1851-1875. Knut vart 1897 gift med Rønnaug Johnsdotter frå Løkken f.1868 dotter til John Iversen Løkken 1827-1915 og Anne Johannesdtr. Myrum 1828-1891. Frådelingar m.m. som er nemnd ovanfor betyr at Knut og Rønnaug rydda seg eit nytt bruk i skogen til onkelen hennar Thor Nerlien. Knut og Rønnaug hadde 2 barn:

Ragna f.1899-1997, g.m. John Legun 1895-1940
John 1900-1979, neste brukar

I 1932 var det skjøte frå Knut O Furuheim til sonen John K Furuheim på Furuheim gnr. 161 bnr. 16 samt bnr. 14, 17 og 19 for kr 1800 inkl. lausøyre kr 500 samt føderåd verdsett til kr 500. John vart 1928 gift med Marit H Teigplassen 1904-1987, dei hadde 1 barn:

Ruth Margot f.1929, g.m. Hans Rønningen, Sel f.1923. Til Sørlien

Jon Lautitz Rønningen f.1957 overtok etter besteforeldra i 1976. Han vart 1981 gift med Margrethe Brun, Sel f.1961 dotter til Olaf Brun f.1923 og Rannveig Ingeborgøien f.1927. Jon og Margrethe har 4 barn:

Anders f.1982

Magnus f.1985

Ida Johanne f.1987

Ane Martine f.1994

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Lauvrusten

Ole Knutsen under Heringstad, Heidal f.ca.1792 var truleg frå Soksen. Ole vart 1816 gift med Marit Thorsdotter nördre Faukstad f.ca.1792. Ved barnefødsjar var dei på Heringstadeige til 1826. I 1829 og 1832 var dei på Bolstadeige som var Lauvrusten. Ei tid var dei i Romsdalen og etter det i Nerlien før dei fekk busetja seg i Nerliutmarka, dette vart Lauvruststugu. I 1865 var enkja Marit Thorsdotter husmannskone på Øgaarden som kan vera Lauvruststugu. Knut og Marit hadde 7 barn:

Knut f.1818

Rønnov f.1821

Poul f.1823

Marit f.1826, hadde dottera Mari Johannesdtr. f.ca.1855

Ingebjørg f.1829, hadde sonen Ole Johannesen f.ca.1861

Hans f.1832

Ole 1836-1920, g.m. Rønnoug Larsdotter Lyeneie, Heidal 1831-1910, i Lauvruststugu

Peder Olsen Lieneige f.ca. 1797 d.1880 vart 1826 gift med Rønnov Olsdotter Dahleeige f.ca.1798 d.1857. Det er uklår kvar Peder var frå, men John Amundgaard skreiv at Per Lauvrusten kunne vera ætta frå eit bruk nördst og øvst i Nerlijordet som vart kalla **Ruste** og som truleg vart øydelagt i 1789. Ved barnefødsjar var Peder og Rønnaug i 1826 på Aasoreneige og i 1828 på Sneleeige. I 1833 og 1842 var dei på Lieneige som truleg var Lauvrusten. Rønnaug var legdslem på Lauvrusten da ho døyde i 1857. Enkjemannen Peder var legdslem på Skår da han døyde i 1880, og truleg var det han som i 1865 budde i Brenna. Truleg var det han som var legdslem i Hanslien i 1875. Peder og Ronnov hadde 4 barn:

Anne f.1826-1906, budde på Skår n. i 1865, ho hadde 2 barn:

Peder Olsen f.1852 (faren var Ole Syversen Plassen 1827-1867), til Fossen

Guri Pedersdtr. f.1860 (faren var Peder Erlandsen Enersplassen)

Ingri f.1828

Ole f.1833
Hans f.1842

Løvrusten løpenr. 171 d, gnr. 161 bnr. 4 vart frådelt frå Lien nedre gnr. 161 bnr. 3 i 1861, tinglyst i 1867. Peder Hansen øvre Bjørnstad var eigar.

I 1869 var det skjøte frå Peder Hansen øvre Bjørnstad til Lars Østensen øvre Lien. Lars Østensen Hovda, Heidal 1830-1883 var son til Østen Syversen Ro n. 1793-1834 og Mari Larsdr. Hovda 1799-1881. Lars var gift med Anne Erlandsdotter øvre Lien og overtok øvre Lien med skjøte i 1873. Lars og Anne hadde 3 barn:

Mari f.1869
Anne f.1872
Øistein f.1875

I 1885 var det skjøte på Løvrusten frå enkja etter Lars Øisteinson Lien, Anne Erlandsdotter til Amund Knutsen for kr 600. Amund Knutsen Hougen Svarvarhaugen 1827-1918 var son til Knut Knutsen Hougen 1788-1866 og Marit Steinarsdr. Stokstadnesset n. 1784-1868. Amund vart 1853 gift med Rønnog Johnsdotter Rottem f.ca.1828 d.1916 dotter til John Hansen Rottem. Familien var ved barnefødsler i 1853 på Eideeie, i 1859 og 1864 på Kleiveneie og på Rusten under søre Kleiven der dei var i 1865. I 1868 var familien på Snerleeie. John Amundgaard skreiv at dei rydda ein plass i søre Kleivmorken som vart kalla Ommonlykkja og bygde og budde der ei tid. I 1875 var Amund husmann i Løvrusten som da var registrert under l.nr. 169 øvre Lien. I Norske gardsbruk er det opplyst at slekta har vore i Lauvrusten frå 1867. Amund og Rønnog hadde 5 barn:

Poul f.1852, til Amerika
Knut f.1853, til Amerika
Barbro f.1859, ugift i Lauvrusten i 1900
John f.1864, til Amerika
Iver 1868-1927, neste brukar

I 1894 var det kjøpekontrakt på halvdel av Løvrusten frå Amund Knutsen til Iver Amundsen for kr 310. I samsvar med dette brukte Iver i 1900 halve garden medan også faren var gardbrukar. Iver Løvrusten 1868-1927 var gift med Kari Syversdotter Hjellum 1866-1958, dei hadde 5 barn:

Rønnaug 1889-1959, hadde dottera Pauline 1913-1968 som var g.m. Ola Brenden
Anton 1892-1994, neste eigar
Inga Sofie 1895-1974, g.m. Ole Olsen Vangen f.1900. Dei hadde dottera Åse f.1925-2014 som var g.m. Erland Baarstad f.1909
Sigurd 1902-1972
Marit 1906-1992

Anton Løvrusten var eigar 1937-1987, han vart 1929 gift med Tora Gustava Nyland, Ålesund 1903-1992 dotter til Petter Nyland og Ane Abelseth. Anton og Tora hadde 1 barn:

Inger f.1944

Inger var gift med Halvor Fjellsetnes, Oppdal f.1943, g.2.m. Tor Wendt, Sandefjord f.1940.

Inger og Halvor hadde 3 barn:

Anne f.1962, g.m. Harald Gamrell

Inge Helge f.1963, neste eigar

Amund Tore f.1971

Inge Helge overtok etter bestefaren i 1987.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

John Amundgaard, 1984: Nedlagde og/eller fråflytta bruk

Lauvruststugu

I 1865 var enkja Marit Thorsdotter husmannskone på Øgaarden som kan vera Lauvruststugu. Marit Thorsdotter nördre Faukstad f.ca.1792 vart gift med Ole Knutsen under Heringstad, Heidal f.ca.1792, truleg var han frå Soksen. Ved barnefødsjar var dei fyrst på Heringstadeige. I 1829 og 1832 var dei på Bolstadeige som var Lauvrusten. Ei tid var dei i Romsdalen og etter det i Nerlien før dei fekk busetja seg i Nerliutmarka, dette vart Lauvruststugu. Lauvruststugu er også kalla Brennøygarden og ligg mellom Lego og Brenna, høgge opp enn Lego. Knut og Marit hadde 7 barn:

Knut f.1818

Rønnov f.1821

Poul f.1823

Marit f.1826, hadde dottera Mari Johannesdtr. f.ca.1855

Ingebjørg f.1829, hadde sonen Ole Johannesen f.ca.1861

Hans f.1832

Ole 1836-1920, neste brukar

Ole var i 1875, 1900 og 1910 husmann med jord. Han vart 1861 gift med Rønnoug Larsdotter Lyeneie, Heidal 1831-1910 dotter til Lars Christensen Øyseie. Ved barnefødsjar er det nemnd både Lieceineie, Nerlieneie og Lauvrusten som kan vera same plassen. Ole og Rønnaug hadde 7 barn:

Paal f.1858, til Amerika

Hanna f.1861

Anders f.1863

Tolline f.1867

Mari f.1869

Knut f.1872, til Amerika

Oline f.1875, i Lauvruststugu i 1910

I 1920 budde det ikkje folk i Lauvruststugu. Frå 1907 vart Lauvruststugu lagt til garden Brenna.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
John Amundgaard, 1984: Nedlagde og/eller fråflytta bruk

Brenna

Etter Norske gardsbruk har garden vore i slekta sidan 1860. Thor Iversen Nerlien selde i 1857 plassen Brenden til systera Anne Iversdotter for 80 spd., tinglysing skjedde i 1910 og frådelling av Brenden gnr. 161 bnr. 15 i 1911. Anne Iversdotter Lien (Løkken Kleiveneie) var dotter til Iver Johnsen Løkken Kleiveneie. Anne Iversdotter Lien 1821-1865 vart 1858 gift med Ole Hansen Weggumseie f.ca.1829, son til Hans Johnsen Weggumseie. I 1865 var enkjemannen Ole husmann med jord, Ole Hansen reiste til Amerika i 1867. I 1865 budde Ole saman med stesonen. Anne hadde med Knut Olsen Bråtå n. 1791-1873 («Skulin») 1 barn:
Ole Knutsen f.ca.1844, neste brukar

I 1865 ser det ut til at Brænden var to bruk, på det andre bruket var enkja Kari Amundsdotter husmannskone med jord. Enkjemannen Peder Olsen f.ca.1797 hjelpte henne med plassen. Kari Amundsdotter Rogsveen 1811-1894 vart 1848 gift med Hans Iversen Øiseie 1813-1855. I 1875 var Brenna berre eitt bruk og Kari var føderådskone.

Ole Knutsen f.1844 var i 1875 og 1900 husmann med jord, han var gift med Else Pedersdotter Ruste på Tolstadåsen f.1843. Ole og Else hadde 5 barn:

Anne f.1868

Ragnhild f.1871

Kari f.1875

Iver 1881-1967, neste brukar

Peder f.1886

Iver vart 1907 gift med Marie Ø Stubberud, Heidal 1886-1970, dei hadde 6 barn:

Elise f.1907

Ola f.1909, på Brenna og Haugstad

Ivar f.1914

Anna f.1915

Ragnhild f.1920

Trygve f.1924, neste eigar

Trygve overtok etter faren i 1974. Han vart 1955 gift med Torbjørg Hammersborg, Våler i Østfold f.1926 dotter til Ole Hammersborg f.1891 og Ingeborg Rød f.1899. Familien budde i Oslo 1950-1987.

Ola Brenden f.1909 budde på Brenna til han bygde like ved. **Haugstad** gnr. 161 bnr. 25 vart frådelt frå Lien skog gnr. 161 bnr. 5 i 1960 med skjøte i 1963 frå John Amundgard til Ola J Brenden. Ola var gift med Pauline Løvrusten 1913-1968, dei hadde 4 barn:

Reidun f.1932

Kari f.1934, neste eigar

Aud f.1939

Steinar f.1948

Steinar overtok Haugstad, Andreas Stege Brenden f.1981 overtok heimelen i 2020.

Kari Ingeborg Lauritzen f.1934 overtok heimelen til Brenna i 2002.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Seeiendom.no

Sørlien – Lien

Koppskatten 1645 nemnde Olluff Nederli og hans hustru på Nederli ødegård. Oluff Pedersen betalte i 1621-22 fyrstebygsel for øydeplassen Nederlien 3 skinn som var krongods. Oluff betalte holding frå 1624 til 1659.

Manntalet 1666 viser at oppsitjar på Nederlien ødegård 3 skinn var Johannes Erichsøn f.ca.1613. Nederli var truleg det som seinare har gått under namnet Sørlien eller berre Lien. Johannes hadde sonen

Sven f.ca.1645, neste brukar

Matrikkelen 1668 viste at oppsitjar var Svend Lien som brukte 3 skinn som var krongods. Han fekk feste i 1660 på Nerli 3 skinn som da vart nemnd som kron-øydegard, og jordebok 1661 nemnde Svend som brukar. I 1672 fekk Svend Johansen Nerlien skjøte på Nerlie 3 skinn frå Ditlef Brockdorff. Svend Lien betalte i 1675 fyrstebygsel av ein rydningsplass Lien 1 skinn krongods som førre brukaren overgav han, dette var truleg Nerlien. (Knut Lien betalte holding av 1 skinn i Lien i 1678, men dette kan vera annan plass da det vart nemnd som kanonigods). Svend hadde sonen

Johannes, neste brukar

Skoskatten 1711 viser Johannes Svensøn Lien med hustru og 2 barn. Johannes Svendsen var brukar og eigar i 1723, Lien var da sett til 4 skinn som truleg omfatta 1 skinn i Nerlien. Skifte

i Sørlien 1738 viser Johannes Iversen, men det kan vera feilskrift for Johannes Svendsen. Johannes var da eigar av Sør Lien 10 skinn inkl. ein plass på 1 skinn som truleg var Nerlien. D.v.s. at matrikkelskylda for Sørlien var sett opp frå 3 til skinn. Johannes d.1738 var gift med Berith Erichsdotter, dei hadde 3 barn:

Svend f.ca.1700, neste brukar

Erich f.ca.1706

Povel f.ca.1713

Svend Johansen overtok Lien i 1738, og pantsette da garden sin Lien med underliggjande plass Nerlien samla skyld 10 skinn. I 1741 selde Svend plassen som han hadde arva Nedre Lien 1 skinn til Ole Christensen for 240 rd. I 1756 kjøpte Svend Johansen att NedreLien 1 skinn frå Ole Christensen for 340 rd. Svend var gift med Embjør Olsdotter d.ca.1739. Ved skifte i 1739 eigde dei Sør-Lien 10 skinn. Svend og Embjør hadde 2 barn:

Ole f.ca.1730, seinare brukar

Berit f.1739

Svend vart gift på nytt og fekk 6 barn:

Ingebor f.1740

Synne f.1743

Johannes f.1746

Anne f.1748

Siver f.1751

Gunild f.1755

I 1743 selde og pantsette Svend Johansen garden sin søre Lien til Peder Halvorsen Holbø for 324 rd. Viss ikkje Svend Johansen løyste inn summen innan 8 år skulle han skrive ut skjøte. Svend Johansen Lien må ha løyst inn att gjelda, for i 1749 selde og skjøta han garden Sørlien 9 skinn til Christen Arnesøn Rudi for 473 rd. Mor til Svend skulle ha føderåd.

I 1753 selde og skjøta Christen Arnesen garden Sørlien 9 skinn til Ole Serqvedsen og kona Aaste Olsdotter for 480 rd., Brit Eriksdotter skulle fortsett ha føderåd. Enkjemann Ole Serqvedsen Teigen f.ca.1704 d.1780 vart 1747 gift med Aaste Olsdotter f.ca.1723 d.1801. Ole og Aaste hadde 2 barn:

Kirsten f.1751

Kari 1758-1758

I 1761 selde og skjøta Ole Serqvedsen garden sin Sørlien 9 skinn til Ole Svendsen for 480 rd., truleg var dette son til Svend Johansen. (I 1789 var det panteobligasjon til Poul Tolstad for 400 rd. er dette Sørlien eller Nerlien?). Ole Svendsen Lien bygsla i 1777 Bolstad, og i 1801 budde familien der. Ole Svendsen f.ca.1729 d.1804 var gift med Mari Hansdotter Høye, Ringebu 1734-1789 dotter til Hans Guttormsen Høye. Ole og Mari hadde 6 barn:

Johannes f.ca.1762 d.1837, g.m. Mari Poulsdtr. f.ca.1769 d.1852. Bygsel på Bolstad 1804-1812. Til Bolstadlykkja.

Gulbrand f.1765 d.1818, neste brukar

Hans f.ca.1768, g.m. Sigri Christensdtr., til Hanslien

Svend f.ca.1771 d.1842, g.m. Mari Hansdtr. f.ca.1786 d.1864. Bygsel på Bolstad frå 1812.
Imbjør, g.m. Peder Østensen Ryen
Marit f.ca.1776

Skiftebrev etter Ole Svendsen Bolstad i 1805 viser at sønnene Hans og Gulbrand overtok søndre Lien skyld 9 skinn for 300 rd. Men formelt var det skjøte frå Swen Olsen til brørne Johannes og Gulbrand Olsen på 9 skinn for 300 rd. slik at også Johannes fekk eigarskap i Sørlien, på Bolstad som tilhørde prestbolet overtok han bygselen. Arven til Hans skjedde ved at Johannes og Gulbrand i 1807 utan formell frådelling overdrog eit stykke uoppdyrka mark under søndre Lien til broren Hans Olsen som skulle byggje ein plass der, dette vart Hanslien

I 1805 var det panteobligasjon frå Johannes Olsen til Tron Larsen Walberg på 200 rd med pant i 4 ½ skinn. I 1807 var det obligasjon frå Johannes Olsen til overformynderiet på 200 rd med pant i 4 ½ skinn. Denne delen har nok Anders Wiborg fått tak i, for i 1811 var det skjøte frå Anders Wiborg på 4 ½ skinn til Peder Olsen for 500 rd. I 1812 var det skjøte frå Peder Olsen til Gulbrand Olsen på 4 ½ skinn for 600 rd., dermed hadde Gulbrand heile Sørlien 9 skinn att.

I 1818 var det skifte etter Gulbrand Olsen Lien f.1765 d.ca.1818 med utlegg i 1819 i gardparten Lien. Gulbrand vart 1794 gift med Berte Iversdotter f.ca.1771 d.1857, dei hadde 5 barn:

Mari f.1794, g.m. Ener Jonsen Bachum

Marit f.ca.1798

Ole f.ca.1800, neste brukar

Iver f.1804, g.m. Rønnaug Thoresdtr. Bjølstadeige 1809-1868. Til Kleivsletten og Slettmo.

Iver, f.ca.1808

Hans, f.ca.1808, g.m. Mari Jakobsdtr. Til øvre Øygarden.

I 1822 selde enkja Berte Iversdotter gardparten sin matr.nr. 99 Lien 9 skinn til sonen Ole Gulbrandsen for 100 spd. Mora fekk føderåd. Ole Gulbrandsen lånte i 1839 300 spd av Hans Hansen Ulsvolden eller Klevrud med pant i Sørlien matr.nr. 99 nytt nr.136. I 1840 lånte han 100 spd av Ole Paulsen Heringstad med pant i søndre Lien l.nr. 172, pantet hadde prioritet etter 200 spd som han skulda til Hans Hansen Aasaaren. Ole Gulbrandsen Lien 1800-1861 vart 1822 gift med Mari Syversddotter Roe 1800-1875, dei hadde 10 barn:

Gulbrand f.1822

Syver f.1824

Marit f.1826

Ole f.1828, til nedre Øygarden

Peder f.1830

Iver f.1833

Anne 1836-1836

Anne f.1837

Hans f.1841, g.1866.m. Kjersti Larsdtr. Rottemseie Gurilykkja f.ca.1841, dtr. til Lars Svendsen

Ole f.1843

I 1838 selde og skjøta Ole Gulbrandsen halvdel av Sørliøygarden under Lien eller Sørlien matr.nr. 99 nytt nr. 136 til Amund Paulsen Rusten for 70 spd. I 1839 selde og skjøta Amund Paulsen halve delen av Sørliødegarden og eit jordstykke Nylykkja til Syver Hansen Rusten for 70 spd. I 1839 selde og skjøta Ole Gulbrandsen halvparten av Sørliøygarden under matr. 136 Sørlien til Syver Hansen Rusten for 60 spd. I 1857 var det pantebrev frå Amund Paulsen og Syver Hansen Rusten til Hans Klevrud for 50 spd med pant i ei lykkje i Sørliøygarden.

Sørlien 172 b gnr. 161 bnr. 7 vart frådelt i 1848 med skjøte i 1850 frå Ole Gulbrandsen til Ole Syversen Veggum for 80 spd. Dette var Lego, Sletten og skogteig sør for Hanslien og Øygarden.

I 1851 var det skjøte på Sørlien frå Ole Gulbrandsen til Ole Syversen Veggum for 550 spd.

I 1853 var det skjøte frå Ole Syversen Veggum til Hans Johannessen Rusten for 600 spd. Pantebrev 275 spd. frå Hans Johannesen til Ole Syversen Veggum vart avløyst i 1866. Hans Johannesen Rust, Lom f.1815 var son til Johannes Hansson Sandneshagen f.ca.1787 og Mari Larsdtr. Grasdalen f.1782. Hans vart 1845 gift med Mari Ellefsdotter Brenna, Lia i Lom f.1818 som var dotter til Ellef Hansen øvre Haugen f.1789 og Thorøe Olsdtr. Sør-Øy f.1781. Hans fekk skjøte på Rust i 1843. Familien var ved barnefødsel i 1851 på Rust, men flytta til Vågå det året. I 1854 var dei i Sørlien. Hans og Mari hadde 4 barn:

Johannes f.1844

Eilev f.1846

Hans f.1851, til Amerika 1869

Ole f.1854

Sørlien løpenr. 172, matr.nr. 136, gml. skyld 9 skinn vart i 1859 delt i to like delar da søre Sørlien vart frådelt, matrikkelskylda viser 2 ort 1 sh. på kvart bruk. Samtidig vart frådelinga av Hanslien formalisert med matrikkelskyld på 2 ort. Det ser ut til at Hans Johannesen og Mari Ellefsdotter overførde det som vart søre Sørlien til bror hennar Ellef Ellefsen. Paul Erlandsen og Mari Christendstr. som overtok nördre Sørlien kom også frå Lia i Lom, og ho var syskjebarn til Mari Ellefsdotter og Ellef Ellefsen ved at mødrene var systre frå øvre Haugen.

Sørlien nördre

Paul Erlandsen vart nemnd på nördre Sørlien 172 a, gnr. 161 bnr. 6 ved delinga i 1859. I 1865 var det pantebrev frå Paul Erlandsen Sørlien eller Øverli til Christen Arnesen Runningen for 200 spd. Paul Erlandsen, Lom f.1816 var i 1865 gardbrukar og sjølveigar i Sørlien. Paul var frå nordistugu Øverli i Lom og kom til Vågå i 1857. Paul overtok Øverli i 1873, i 1891 reiste han til Amerika. Paul var son til Anders Erlandsen Øverli 1743-1797 og Tora Torkjellsdtr. Kvåle f.1757 d.ca.1795. Pål var gift med Mari Christendsdotter Flatmo, Lom f.ca.1827, dotter til

Christen Hansen øvre Haugen, Lom f.1793 som i 1865 var føderådsmann i Sørlien og Ingeleiv Tostensdtr. Nørder-Øy f.1806. Familien var i Sørlien ved barnefødsler frå 1858. Paul og Mari hadde 8 barn:

Erland 1850-1852

Berit f.1851

Ingeleiv f.1855

Erland f.1858

Else f.1862, til Amerika 1883

Christen f.1865, g.m. Anne, til Amerika 1884 og 1891

Mari f.1869, til Amerika 1886

Ragnhild f.1873, til Amerika 1891

Det ser ut til at Paul Erlandsen ikkje har hatt skjøte, for i 1876 var det Ole Syversen Veggum etter fullmakt frå Hans Johannesen som skjøta over til neste brukar.

Ole Iversen Hjellum fekk i 1876 skjøte på Sørlien for 630 spd. Ole Iversen Hjellum, Sel 1843-1927 var son til Iver Syversen Gården 1803-1875 og Marit Eriksdtr. Andvordseiet, Lom f.1807.. Ole vart 1875 gift med Ragnild Johannesdotter Otbradt 1851-1936 dotter til Johannes Olsen Otbradt. Ole og Ragnhild hadde 5 barn:

Iver f.1876, til Amerika, kom att.

Johannes 1877-1959, neste brukar

Marit f.1881

Ingrid 1884-1903

Guri 1889-1971. I Sørlien.

Johannes overtok Sørlien i 1925.

Hans Rønningen kjøpte Sørlien av Johannes Sørlien i 1956. Hans Rønningen, Sel 1923-1976 var son til Laurits Rønningen, Ringebu f.1892 og Bina Havn f.1894. Hans vart 1955 gift med Ruth Furuheim f.1929 dotter til John Furuheim 1900-1979 og Marit Teigplassen 1904-1987. Hans og Ruth har 4 barn:

John f.1957, g.m. Margrethe Brun, Sel f.1961. Til Furuheim.

Knut f.1959, neste brukar

Brit f.1961, g.m. Vidar Sveinsen

Ragnhild f.1968, sbm Arne Reiremo. Til Drågen.

Knut Rønningen overtok i 1983, han er sbm. Sonja Tangen, Nord-Fron f.1964 dotter til Odd Tangen f.1944 og Arnbjörg Båtstad, Sel f.1946.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Jon Kolden: Bygdabok for Lom, bind 2

Synnøve Teigen Solbakk, Gåmålt og nytt frå Sel, 2005: Folket i Veggumsgrenda

Sørlien søre

Sørlien vart delt i 1859 slik at søre Sørlien 172 c, gnr. 161 bnr. 8 vart frådelt frå Sørlien.

Ved frådellinga vart Ellef Ellefsen nemnd på dette bruket. Elev Elevsen Brenna, Lia i Lom f.1823 var son til Ellef Hansen øvre Haugen f.1789 og Thorøe Olsdtr. Sør-Øy f.1781. Ellef Ellefsen var i 1853 forpaktar på Synstad i Lom, familien flytta til Vågå i 1857 og skreiv seg da for Rusten. I 1865 var Ellef gardbrukar og sjølveigar i Sørlien. I 1861 skreiv Ellef ut ein panteobligasjon på 353 spd. til Peder Torgersen Heringstad med pant i Sørlien. Ellef var gift med Thore Rolvsdotter 1824-1882, i 1853 var ho på Wiker. I 1856 var familien på Flatmo i Lom medan dei i 1859 og 1964 var i Sørlien. Familien kom attende til Lom og var tenestefolk på Synstad i 1875. Ellef og Thore hadde 4 barn:

Thore f.1853

Marit f.1856

Mari f.1859

Elev f.1864

I 1876 var det auksjonsskjøte til Kristian Torgersen Jahr eller Sørlien for 420 spd. Kristian Torgersen Jaer, Modum f.1836 var gift med Eli Olsdotter, Sel f.1835. I 1865 var Kristian vegarbeidar og familien budde som losjerande i Brulykkja i Sel. Kristian og Eli hadde 7 barn:

Olaus 1863-1943, neste brukar

Toline 1865-1908, hadde sonen Einar Olsen Sørлие f.1898, faren var Ole Pålsen Brennhaug Syver f.1867

Ole f.1871

Guttorm f.1873

Gunhild f.1879

Mari f.1881

I 1902 var det skjøte frå Kristian Torgersen Sørlien til sonen Olaus Kristiansen Sørlien for kr 2100 samt føderåd. Olaus Sørлие var gift med Mari Hammer 1865-1934 dotter til Ole Jakobsen Siem 1829-1917 og Rønnaug Iversdtr. Svendstad f.1833. Olaus og Mari hadde 4 barn:

Rønnaug 1900-1966, g.m. Jakob Hansen Kleiven 1901-1996

Kristian 1902-1987, neste brukar

Ola 1905-1973, g.m. Gunhild Knutsdtr. Villa f.1906

Ella 1907-1985, g.m. Johan Iversen Bakke 1912-1998

Kristian Sørli overtok etter faren i 1931. Han vart 1939 gift med Kari Brustuen f.1910, dei hadde 4 barn:

Olav f.1940, neste brukar

Ivar f.1942, g.m. Inger Lise Nilsen d.1990, g.2.m. Tone Jorun Bulling

Marit f.1944, g.m. Reinhart Brandal

Grete f.1950, g.m. Kjell Blankenborg

Olav Sørliie overtok etter faren i 1983. Olav vart 1981 gift med Signe Grønnevik, Florø 1946-1992 dotter til Alfred Grønnevik f.1914 og Oddfrid Gravdal f.1923. Olav og Signe har barna:
Stein Ove f.1983
Gry Elisabeth f.1984

Gardstunet på søre Sørlien gnr. 161 bnr. 29 vart i 2001 frådelt frå søre Sørlien og seld i 2005 til Svanhild Bjørkheim Johansen f.1956 og Vidar Johansen f.1953. Reisten av eigedommen søre Sørlien gnr. 161 bnr. 8 vart i 2001 seld til Knut Rønningen og samanføygd med nørdrø Sørlien gnr. 161 bnr. 6 i 2009.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Pål Øystein Kverberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom, slekten på Kvarberg uppigard

Jon Kolden: Bygdabok for Lom, bind 2

Seeiendom.no

Lego – Rusten

Knut Knutsen f.ca.1797 d.1871 var i 1865 føderådsmann. Knut var truleg son til Knut Jakobsen f.ca.1762 og Marit Syversdtr. f.ca.1765. Knut Knutsen Rottemseige vart 1821 gift med Brit Amundsdotter Heringstadeige f.ca.1800 d.1873. I Norske gardsbruk står det at plassen vart rydda om lag 1825. I 1848 vart Sørlien 172 b, nå gnr. 161 bnr. 7 frådelt frå Sørlien med skjøte i 1850 til Ole Syversen Veggum for 80 spd. Dette omfatta bl.a. Lego og dermed vart Lego husmannsbruk under nørdrø Veggum. Knut og Brit hadde 7 barn:

Knut f.1821

Marit f.1824, g.m. Jakob Christensen Åsåreige f.ca.1825, Nersæter

Brith 1826-1828

Amund f.1829, g.m. Marit Johannesdtr. Græsdalen, Lom f.ca.1828, til Amerika

John f.1832, neste brukar

Guri f.1836

Anne f.1842

John var i 1865, 1875 og 1900 husmann med jord på Rusten. John Weggumseie vart 1854 gift med Ragnhild Johannesdtr. Solhjemseie f.ca. 1830 d.1891 dotter til Johannes Johannesen Solhjemseie Solhjemslie d.1834 og Anne Johnsdr. Havn. John og Ragnhild hadde 9 barn:

Engebret 1853-1875, til Kvernæs prestegjeld 1873

Brit f.1857, til Trondhem 1880

Rønnog f.1859, til Amerika

Marit f.1862, til Amerika 1883

Knut 1865-1865

Kari 1868-1885

Guri f.1871, til Amerika

Anne f.1873, til Amerika

Knut f.1877, til Amerika, kom att

John vart 1895 gift på nytt med Brit Olsdotter Jespriktplassen 1859-1957 dotter til Ole Guttormsen 1838-1913 og Gunhild Pedersdtr. John og Brit hadde 3 barn:

Jon 1895-1940, g.m. Ragna Furuheim 1899-1997

Gina 1897-1972, g.m. Anton Tøfte 1894-1988, til Jellet

Ragnhild f.1899

Brit hadde med Per Reiret 1 barn:

Ole Pedersen 1886-1973, neste brukar

Lego gnr. 161 bnr. 18 vart i 1917 frådelt frå gnr. 161 bnr. 7 med skjøte frå Ole Syversen Veggum til Ole P Legun for kr 2500. Ola P Legun 1886-1973 var son til Per Reiret og Brit Jesbrigtplassen.

Broren John 1895-1940 budde også på garden, han var gift med Ragna Furuheim 1899-1997, dei hadde 5 barn:

John 1924-1928

Knut f.1926, g.m. Ragna Grønn

Jørgen 1928-1962

Borghild f.1932, neste eigar

Ragnhild f.1939, g.m. Hans Fagernæs

Borghild overtok i 1965, ho var sambuar med Melvin Alstadsæter, Valldal f.1926.

Anna Kari Tøfte Granberg f.1949 fekk heimel til eigdommen i 2008. Ho er dotter til Asmund Tøfte som var son til Gina Legun 1897-1972 frå her.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Synnøve Teigen Solbakk, Gåmålt og nytt frå Sel III, 2005: Folket i Veggumsgrenda

Seeiendom.no

Omonlykkja

Amund Olsen var i 1865 husmann med jord på Ødegaarden. Dette var kanskje Omonlykkja som låg rett ovanfor Lego. Amund Olsen, Lom f.ca.1829 var gift med Berit Rasmusdotter f.ca.1836. Det er ukjend kvar dei var i 1875. Amund og Berit hadde 2 barn:

Iver f.ca.1855

Ingebjørg f.ca.1862

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Oddmund og Ivar Hanslien

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Hanslien

Sør på jordet i Hanslien heiter det Øygarden og der er det funne ei steinøks.

Skiftebrev etter Ole Svendsen Bolstad i 1805 viser at sønnene Hans og Gulbrand overtok søndre Lien skyld 9 skinn for 300 rd. Men også broren Johannes skulle nok ha eigarskap av Sørlien, for Bolstad som han overtok var bygselbruk under prestbolet. Dermed vart det Johannes og Gulbrand som i 1807 overdrog eit stykke uoppdyrka mark under søndre Lien til broren Hans Olsen som skulle byggje ein plass der. Ved barnefødsler frå 1817 til 1825 er dette nemnd som Sørlieneie og Lieneie. Hans Olsen Bolstad var son til Ole Svendsen Lien f.ca.1729 d.1804 som var eigar av Sørlien og i 1777 bygsla Bolstad, mora var Kari f.ca.1736 d.1786. Hans Olsen f.ca.1768 d.1827 vart 1806 gift med Sigrid Christensdotter Sveine, Lom 1781-1836, ho var dotter til Kristen Person Sveine 1748-1787 og Barbro Larsdtr. Andberg 1753-1809. Hans og Sigrid hadde 6 barn:

Ole f.1807 d.ca. 1893, «Hansliguten». Skreiv seg for Brustugu

Barbro f.1810

Barbra 1813-1813

Mari 1816-1816

Mari 1818-1857, g.m. John Engebretsen Amundgard 1812-1868

Christen 1821-1853, Vesl-Kleive u. Taulstad

Poul f.1825, g.m. Anne Steinarsdtr. Myrmo, Budal f.1832

I 1844 var det auksjonsskjøte til Iver Syversen Kleven (Klevrud) på søre bruket i Lien eller Hansplass for 355 spd, Ole Hansen skulle ha føderåd. Iver Siversen Klevrud f.ca.1805 f.1851 var son til Siver Klevrud. Iver vart 1832 gift med Rønnog Ericsdottr Thoug f.ca.1807 d.1883 dotter til Eric Thoug. Ved barnefødsel i 1837 var familien i Lien, men det kan vera Solhjemslie der dei var i 1851 og seinare. Også i 1840 var dei på Solhjemseie. I 1842 og 1843 var dei på Sørlieneie som må vera i Hanslien, i 1846 vart det nemnd Lien som kan vera både Sørlien og Solhjemslie. Iver og Rønnog hadde 8 barn:

Syver f.1832

Eric f.1833

Anne f.1837

Ymbjør f.1840

Thora f.1842

Iver f.1843

Hans f.1846

Rønnoug f.1851

I 1848 var det skjøte på Hanslien frå Iver Syversen til Ole Larsen Odden for 450 spd. Frådeling av løpenr. 172 d, gnr. 161 bnr. 9 skjedde i 1859. Ole Larsen Lien 1810-1866 var son til Lars Brustugun f.ca.1778 og Anne Jonsdr. Ole var gift med Marit Knutsdotter Svarvarhaugen f.1811, dotter til Knut Knutsen Svarvarhaugen 1788-1866 og Marit Stenersdr. Nesset n. 1784-1868. Ole og Marit var på Lilleodden i 1843, seinare i Sørlien (Hanslien). Ole og Marit hadde 2 barn:

Lars 1841-1844

Marit f.1843, neste brukar

Marit Olsdotter Hanslien 1843-1914 var gift med Erik Iversen Hjellum, Sel 1831-1925 son til Iver Syversen Gården 1803-1875 og Marit Eriksdr. Andvordseiet, Lom f.1807. Marit og Erik hadde 8 barn:

Ola 1863-1941, neste brukar

Iver 1868-1870

Marit 1872-1873

Iver f.1874, g.m. Ida Andreasdr. Bergum. Til Brumunddal.

Marit f.1876, g.m. Ole Håkonsen Hognes f.1870

Knut 1879-1879

Lars 1879-1879

Mari 1879-1879

Ola Hanslien 1863-1941 var gift med Ragnhild Steine, Heidal 1869-1953 frå søre Steine dotter til Hans Johnsen Bakken / Vassbakken, Sel f.1828 og Olea Olsdr. Steinehaugen, Heidal f.1843. Ola og Ragnhild hadde 4 barn:

Erling 1894-1956

Hans 1897-1977, neste brukar

Magnus 1900-1987, g.m. Ragna Hole, Skjåk 1912-1990. Til søre Kleiven

Olav f.1903, g.m. Kari Haugen f.1919

Hans overtok etter faren i 1941. Hans Hanslin, Lalm 1897-1977 vart 1932 gift med Lina Kleiven nördre, Lalm 1907-1965, dotter til Ola Kleiven f.1877 og Ingeborg Svelstad f.1879.

Hans og Lina hadde 10 barn:

Ragnhild f.1932, gm. Kristian Aamodt

Ola f.1934, g.m. Liv Øien f.1853, neste brukar

Oddmund f.1936, g.m.Oddbjørg Haugen, Østre Gausdal f.1943

Ivar f.1938, gm. Ragnhild Kjøbli

Oddveig f.1940, gm. Arvid Pladsen, Heidal

Leif f.1942, gm. Rita Løland, Sel

Håkon f.1944, gm. Marit Haugstulen

Einar f.1946, gm. Anne Sælid, Øystre Slidre

Sigmund f.1950, gm. Michhiko Tanji, Japan

Brit f.1953, gm. Kjell Rusten, Heidal

Ola overtok etter foreldra i 1978. Ola vart 1974 gift med Liv Øien f.1953 frå Fellese, dotter til Anders Øien f.1921 og Julie Vaagaasar f.1922. Liv overtok i 2004 Fellese gnr. 68 bnr. 1. Ola og Liv har 2 barn:

Julie f.1975

Hans Anders f.1976

Line Hanslin Bjørndal f.1968 overtok Hanslien i 2002. Ho er dotter til Oddmund Hanslin f.1936 frå her og Oddbjørg Haugen, Gausdal f.1943.

Skriu gnr. 161 bnr. 20 vart 1943 frådelt frå Hanslien med skjøte frå Ragnhild Hanslien til sonen Olav Hanslien. Olav f.1903 var gift med Kari Haugen f.1919. Sonen Harald Rudolf Hanslien f.1939 overtok med skjøte 1963. I 1992 var det skjøte på 1/8 til kvar av dei andre syskjena. Olav og Kari hadde 8 barn:

Harald Rudolf f.1939

Oddbjørn f.1940

Randi f.1944

Rønnaug f.1945, g.m. Nordseth

Egil f.1949

Marit f.1951, g.m. Stensli

Sigrid f.1953, g.m. Rødfjell

Kari f.1955. g.m. Eglum

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Jon Kolden, 2002: Bygdabok for Lom 2

Ivar Kleiven, 1937: Elvesøg, Hansli-guten

Oddmund Hanslien

Sletten

Sletten låg beint ovanfor Hanslien, vest for øvre Øygarden. I 1848 vart Sørlien 172 b, nå gnr. 161 bnr. 7 frådelt frå Sørlien med skjøte i 1850 til Ole Syversen Veggum for 80 spd. Lego vart frådelt frå dette i 1917, skogteigen ser ut til å vera lagt til skogen på Veggum. Attverande del som er Sletten følgde nordre Veggum til 1950 da Pål Veggum på Rustmo fekk skjøte frå faren. Men i 1954 kom det attende til Veggum med skjøte frå Pål til broren Sigmund. I 1962 var det skjøte frå Sigmund Veggum til John Furuheim og har sidan følgd Furuheim gnr. 161 bnr.16.

Iver Iversen f.1763 var i 1801 husmann under Kleppe. Tor Stallvik har plassert han på Kleppehaugen. Soldat Iver Iversen vart 1793 gift med Anna Amundsdotter f.ca.1762. Barna

Knut og Ole kan vera dei som ved giftarmål i 1823 er nemnde som Lieneige, så kanskje har Iver og Anne med familie flytta dit. Iver og Anna hadde 4 barn:

Imbjør f.1793

Amund f.1795

Knut f.1797

Ole f.1800, neste brukar

Ole Iversen var i 1865 husmann med jord, i 1875 var han føderådsmann. Ole Lieneie 1799-1876 vart 1823 gift med Anne Olsdotter Svareplassen f.ca.1804 d.1885. Ved barnefødsler var dei på Snerleeige i 1826, men frå 1829 var dei husmannsfolk på Lieneige og Veggumseie. Veggumseige er nemnd i 1836 så truleg har Veggum overteke her før formalisering med skjøte i 1850. Ole og Anne hadde 8 barn:

Ivar f.1823

Mari f.1826, hadde sonen Syvert Olsen f.ca.1861

Anne f.1829

Ole 1833-1848

Ymbjør f.1836

Sjugurd 1841-1847

Ole f.1844, neste brukar

Syver f.1847

Ole var i 1875 husmann med jord. Han vart 1867 gift med Kari Olsdotter Aasaarmoen dotter til Ole Paulsen Aasaarmoen. Familien reiste til Amerika i 1879. Ole og Kari hade 4 barn:

Anne f.1867

Imbjør f.1871

Ole f.1874

Syver f.1877

I 1900 var enkja Rønnaug Olsdotter 1852-1932 husmannskone. Rønnaug Olsdotter Ødegaarden Ryeneie var dotter til Ole Larsen Ryeneie. Rønnaug vart 1873 gift med Paal Paulsen Haalaaseteren 1845-1894 son til Paul Johannesen Bolstadlykkja d.1867 og Rønnaug Johannesdtr. f.ca.1811. I 1875 var Paul og Rønnog husmannsfolk på Veggumseige. Paul og Rønnaug Sletten hadde 8 barn:

Paal f.1876

Marit f.1875

Rønnaug f.1878

Hans f.1881, g.m. Maria Pedersdtr. Gravåmellom

Ragnhild f.1884

Mari f.1886

Iver f.1889, hadde med Kari Tordsdtr. Myrum sonen Tord f.1911

Ragnvald f.1891, g.m. Inga Einarsplassen

Johan f.1894, neste brukar

Johan f.1894 var den siste som budde på Sletten.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

John Amundgaard, 1984: Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend

Synnøve Teigen Solbakk, Gåmålt og nytt frå Sel III, 2005: Folket i Veggumsgrenda

Øygarden nedre

Mari Syversdotter var i 1865 enkje. Mari Syversddotter Roe 1800-1875 vart 1822 gift med Ole Gulbrandsen Lien 1800-1861. Dei var gardfolk i Sørlien ved alle barnefødsjar. Da Ole døydde i 1861 var han legdslem på Sørlieneige, Mari var husmannsenkje da ho døydde i 1875. Ole og Mari hadde 10 barn:

Gulbrand f.1822

Syver f.1824, g.m. Marit Olsdr. f.1840

Marit f.1826, hadde sonen Ole Johannesen f.ca.1854, g.m. Ole Johnsen Imbjørøien f.1845

Ole f.1828, neste brukar

Peder f.1830, g.m. Eli Larsdr. Harildstadhagen f.1858

Iver f.1833, g.m. Ragnhild Hansdr. f.ca.1837. Til Randen under Veggum

Anne 1836-1836

Anne f.1837

Hans f.1841, g.1866.m. Kjersti Larsdr. Rottenseie Gurilykkja f.ca.1841. På Ødegaarden / Sørlieneie i 1868-1871. Brukte namnet Ødegaarden i 1900 og Sørlien i 1910. Til Teigplassen, Øyhusom og hus ved Kolstad/Sveinlykkja.

Ole f.1842, g.m. Kari Pedersdr. f.1842

I 1865 og 1875 var Ole Olsen f.1828 husmann med jord under Sørlien. Han var gift med Ingebjørg Hansdotter Hammereie 1829-1925 dotter til Hans Hansen Hammereie. Ole og Imbjør hadde 5 barn:

Mari f.ca.1856

Anne f.1860

Marit f.ca.1864

Ole f.1868

Maria f.1872

Nedre Øygarden var bruk under søre Sørlien gnr. 161 bnr. 8.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

John Amundgaard, 1984: Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend

Synnøve Teigen Solbakk, Gåmålt og nytt frå Sel III, 2005: Folket i Veggumsgrenda

Øygarden mitti

Østen Thorsen Lieneie søndre Lieneie, Sel f.ca.1792 d.1856 vart 1816 gift med Anne Syversdotter Aasorneie f.ca.1796 d.1875. Ved barnefødsler 1818-1835 var dei på Lieneige/Sørlieneige som truleg var her. Anne Syversdotter f.ca.1803 budde her i 1865. Anne og Østen hadde 4 barn:

Thor 1816-1870, g.m. Anne Berntdtr. Solhjemseie Lilleløkken 1816-1890

Thora f.1818

Syver 1825-1909, neste brukar

Knut f.1835

Syver Østensen var i 1865, 1875 og 1900 husmann med jord under Sørlien. Folketeljninga 1900 viser at bruket tilhørde søre Sørlien gnr. 161 bnr. 8. Men John Amundgaard skreiv at mitti Øygarden tilhører nørde Sørlien. Syver Østensen Lieneie var gift med Ingebjørg Olsdotter Pillervigseie f.ca.1829, dei hadde 6 barn:

Øisten f.1855

Kari f.1860, neste familie

Ole 1863-1863

Ole f.1865

Thor 1868-1868

Syver 1873-1873

Kari Syversdotter Ødegaarden f.1860 vart 1898 gift med Einar Andersen Skreden, Heidal f.1863 son til Anders Skreden. Kari og Einar hadde 2 barn:

Mari f.1897

Ole f.1899

Kari hadde tidlegare 2 barn:

Syver Jakobsen f.1884, g.m. Anne Larsstuen, til søre Skriun i Heidal

Iver Olsen f.1886, til Kruke-Øygarden i Heidal

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljningar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

John Amundgaard, 1984: Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend

Synnøve Teigen Solbakk, Gåmålt og nytt frå Sel III, 2005: Folket i Veggumsgrenda

Øygarden øvre

Hans Gulbrandsen Lien 1807-1862 var son til Gulbrand Olsen Lien f.1765 d.ca.1818 og Berte Iversdotter f.ca.1771 d.1857. Hans vart 1836 gift med Mari Jakobsdotter Haugeneie Teigen 1816-1889 dotter til Jacob Teigen. Hans og Mari kom til øvre Øygarden og ved alle barnefødsler 1838-1854 vart Hans og Mari nemnde på Lieneige/Sørlieneige. Mari

Jakobsdotter var i 1875 husmannsenkje med jord på Øygarden under Sørlien. Hans og Mari hadde 8 barn:

Marit f.1838, budde her i 1875, ho var ikkje gift men hadde med Andreas Larsen Holm f.1847 2 barn som vart fødde i Romsdalen: Ole 1872-1931 (g.m. Anne Kolbotn, Sel f.1875, i 1900 budde dei på Sandbakken i Sel), Mari f.1872 (til USA)

Kari f.1841, g.m. Martinus Dahlby, Jesnes ved Hamar

Mari 1843-1846

Jacob f.1845

Mari f.1848, g.m. Peder Olsen Ymbjørøyen, Sel f.1847, budde her i 1875 med barna Mari f.1870, Eldri f.1873. Til Teigen i Ottdalen.

Imbjør 1851-1857

Ole 1851-1851

Ole f.1854, tømmerhauggar og fløyttar, drukna i Skjåk

Øvre Øygarden var bruk under nørdrre Sørlien.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

John Amundgaard, 1984: Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend

Synnøve Teigen Solbakk, Gåmålt og nytt frå Sel III, 2005: Folket i Veggumsgrenda

Heimen og nedre Rusten

Sørlien 172 b gnr. 161 bnr. 7 vart frådelt frå Sørlien i 1848 etter kjøpekontrakt same året med skjøte i 1850 frå Ole Gulbrandsen til Ole Syversen Veggum for 80 spd. Dette omfatta Lego (øvre Rusten), nedre Rusten, Sletten og skogteig sør for Hanslien og Øygarden. Da kommunen vart delt i 1908 vart skogteigen truleg med i Sel fordi det var i skogteigen til Veggum.

Heimen ligg på Selssida av kommunegrensa ved øvre Øygarden. Johannes Hansen f.ca.1837 f.1909 var i 1865 husmann med jord på Øygarden under Lien l.nr. 172, dette må vera det som blir kalla Heimen. Dette låg under Sørlien, men var med i det som vart frådelt og seld til Veggum i 1848. Johannes Hansen Øihusen f.ca.1837 var son til Hans Johannesen Bjørnstadeie. Johannes vart 1862 gift med Kari Johnsdotter Nerlien Amundgard f.ca.1837 d.1922 dotter til John Ingebrectsen Nerlieneie Amundgard og Mari Hansdtr. Lien Hanslien 1817-1857. I 1869 var familien på Øyhusom (kan vera Imbjørøyen) og i 1875 og 1883 på søre Imbjørøyen Veggumseie. Johannes og Kari hadde 2 barn:

Hans 1860-1932, g.m. Goro Amundsdr. Odden 1866-1925

Mari 1869-1883

Nedre Rusten var med i frådellinga frå Sørlien og salget til Veggum i 1848. Nedre Rusten låg nørdst på det som nå er Rustmo i Sel. Truleg var det der Knut Amundsen var husmann. Men i

1801 var han på plass under Veggum, og det stemmer ikkje med at Veggum kjøpte dette i 1848. Knut Amundsen f.ca.1768 var kanskje frå Åsen ved Kleppe. Han var gift med Imbjør Thorsdotter f.ca.1775. Knut og Imbjør hadde 2 barn:

Amund f.1795

Mari f.1800 (i folketeljinga står det Eli)

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

John Amundgaard, 1984: Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend

Synnøve Teigen Solbakk, Gåmålt og nytt frå Sel III, 2005: Folket i Veggumsgrenda